

## REFERAT SENTERÅD 28.02.19.

Til stede:

Ingrid M. Løkken –rådsmedlem vit.sk. tilsett, Sigrun Ertesvåg –rådsmedlem vit.sk. tilsett/FoU-leder, Elin Ødegård –avd.leder Porsgrunn, Unni V. Midthassel –rådsmedlem vit.sk. tilsett, Kjersti B. Larsen –rådsmedlem ekstern, Lars H. Bjelland –kontorsjef avd. Porsgrunn, Dag Jostein Nordaker –senterleder, Eva Gjein –rådsmedlem tekn.adm. tilsett, Torunn Helene Fredriksen –vara rådsmedlem tekn.adm. tilsett, Dieuwer ten Braak – vara rådsmedlem stipendiat/student, Peder Haug –rådsmedlem ekstern, Elsa Westergård - utdanningsleder, Ingar Lee –kontorsjef avd. Stavanger, Anita Rosengren (vara rådsmedlem).

Forfall: Marianne Haas –vara rådsmedlem ekstern, Maren Stabel Tvedt – vara rådsmedlem stipendiat/student.

### Godkjenning av innkalling og referat.

Første sak om godkjenning av innkalling og førre referat var utegløymt og referat vart difor utdelt i møtet og godkjent på slutten av møtet utan innvendingar. Innkallinga vart godkjend innleiingsvis.

### 1/19 Generell informasjon om drift, etterspørsel etter senterets kompetanse, forsking, utdanning etc.

Dag Jostein, Elin, Ingar, Sigrun, Elsa og Torunn Helene presenterte sine områder i form av en pp-presentasjon.

Presentasjonen syntetiserte at det er ein omfattande aktivitet ved senteret.

### 2/19 Årsregnskap 2018

Lars presenterte hovudtrekka ved rekneskapen for fjoråret jf. saksframlegget. Presentasjonen og saksframlegget tek i hovudsak føre seg basistildelinga, sjølv om det berre er 43% av den samla ramma til senteret. Dette av di det er ca 20 prosjekt knytt til dei eksterne midlane, og dermed vanskeleg å gje ei enkel oversiktleg framstilling.

Det vart etterspurt kvifor det vart lagt fram ein rekneskap der ein stor del av økonomien, dvs. dei eksterne midla, ikkje er tekne med. Dette gjer det vanskeleg for spesielt dei eksterne å sjå det heilskapen i økonomien. Senterrådet finn det naturleg at dette vert teke inn ved neste høve.

### 3/19 Budsjett 2019

Det kom same innspel som under rekneskapsgjennomgangen vedr. at senteret si samla ramme ikkje kjem fram sidan den eksterne verksemda ikkje er synleggjort.

#### **4/19 Strategi- og handlingsplan 2019 – 2021 -utkast**

Det kom nokre generelle og prinsipielle innspel, medan dei fem områda vart gjennomgått og kommentert for seg. Innspela vart notert og tekne med inn i senteret si sluttføring av planen.

Av generelle innspel kan ein nemne:

- Planen syner at senteret vil gjere svært mykje, men kjem prioriteringane tydeleg nok fram?
- Planen er oppgåveorganisert og indremedisinsk retta, og gjerne mindre fokusert på kva senteret vil vere for eksterne målgrupper.
- Innhold i kapitlet «Organisasjon og ressursar» kunne gjerne flyttast fram i planen, eventuelt at heile kapitlet kjem først og ikkje sist.
- Det er ein del overlapping i planen, samstundes som det kan vere vanskelig å sjå samanhengen.
- Kan sjå ut som om FoU-planen set premissane for kva som skal gjerast ved senteret.
- Dersom det ikkje er eit mål i seg sjølv at senteret skal bli større, kva overordna mål er det då som er grunngjevinga for at ein skal verte større?

#### **5/19 Eventuelt**

- Møtedato: Senterleiinga lagar eit forslag, gjerne i slutten av oktober eller så vel så seint som i byrjinga av desember.

Ingmar Lee  
Referent